



Rolf Øvretveit fekk søndag det synlege provet på at han er årets vinnar av kulturprisen. – Dette er utruleg kjekt. Eg vil takka alle som har bidrege i Radio Sotra, samt Emil (7) og Sondre (8) som hjelper meg med kvar einaste framsyning på Sotra Kino, sa Rolfen under tildelinga.



Leiar Vidar Arnesen (Frp) i komite for drift skrytte av Litle-Sotra Sanitetslag sitt arbeid i lokalmiljøet, då laget vart tildelt Fjell kommune sin frivillighetspris.

Heidra Fjellkoret med pris

Fjellkoret fekk Fjell Musikkråds heiderspris for 2007 under ein julekonsert i Foldnes kyrkje søndag.

FOLDNES: – Dette er ein svært hyggeleg gest frå Fjell musikkråd si side. Me veit at Fjellkoret vert sett pris på, men det er kjekt å få eit synleg prov på det, seier styreleiar Aage Lund Hansen i Fjellkoret.

Heiderspris

Prispengane er meir av det symbolske slaget, med 1000 kroner er det heideren som tel mest. Lund Hansen tok imot diplom på vegner av Fjellkoret frå nestleiar Ann Sissel Eliassen i musikkrådet. Leiar Oddvar Rebnor i Fjell Musikkråd er også med i Fjellkoret, og melde seg heilt ut av prosessen kring prisen då det vart klart at koret var kandidat.

– Eg sa ja til å leia julekonserten her i Foldnes kyrkje, men det ville ikkje vera rett av meg å verken dela ut eller ta imot prisen, forklarar Oddvar Rebnor.

Fjell musikkråd hadde i tillegg



Fjellkoret gleda publikum med mellom anna «Kling no klokka» og «Det hev ei rosa sprunge», då koret søndag vart tildelt Fjell musikkråds heiderspris. Alle foto: Karstein Sæverås

til Fjellkoret fått Sotra Brass, Midtre Sotra Skulekorps og Ten Sing Lukas til å gje sine musikaliske bidrag til julekonserten. Med ein fot i kvar leir greidde Rebnor

nesten å halda pristildelinga hemeleg for dei andre kormedlemene. Dei vert det stadig fleire av, berre i haust har blandakoret fått ti nye medlemmer.

– Me har for tida nær 60 sangarar i koret, men me er aktivt ute for å rekruttera fleire medlemmer. Fjellkoret treng fleire stemmer, særleg mannsstemmer,

seier Aage Lund Hansen.

Fleire prisar

Koret legg ned mykje arbeid i å øva inn kabaretar, no sist ei framsyning med grunnlag i Jakob Sande sine tekstar. Fjellkoret når ut til eit stort publikum, men vil gjerne verta endå meir synlege.

– Me vil gjerne samarbeida meir med andre krefter innan musikklivet og har allereie hatt nokre samarbeidsprosjekt, seier Lund Hansen.

Det er tredje året at Fjell musikkråd deler ut heiderspris. Tidlegare vinnarar er Svein Lie og Roger Martin, og i år var det altså Fjellkoret sin tur. Dette er ikkje den første prisen koret får i løpet av dei 23 åra dei har eksistert. For ti år sidan fekk dei Kulturprisen for Fjell kommune. Musikkrådet sin julekonsert i Foldnes kyrkje vart nytta til å dela ut fleire prisar, mellom dei årets kulturpris til Rolf Øvretveit. Leiar Vidar Arnesen (Frp) i komite for drift hadde i tillegg til Kulturprisen med seg Frivillighetsprisen i Fjell kommune, som vart tildelt Litle-Sotra Sanitetslag.

20.000* lesarar

kvar tysdag, torsdag og laurdag

VestNytt

engasjerer...

*Norsk Gallup Forbruker & media 2/07

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein@vestnytt.no

56 33 65 08